

OLWEUS STANDARD

- 1. To gonger i året skal det arrangerast eigne personalmøte for alle tilsette ved skulen der hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert**
- 2. Det blir gjennomført minimum 5 møte utover i skuleåret i form av pedagogiske samtalegrupper for personalet inndelt i grupper.**
- 3. Det blir halde minst eit eindags innføringskurs som omhandlar Olweus-programmet for nytilsette.**
- 4. Det blir gjennomført undersøking med Olweus' spørjeskjema om mobbing blant elevane ein gong i året.**
- 5. Inspeksjonsplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året.**
- 6. Lærarane og øvrig personale gjer aktiv bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhever dei så konsekvent som mogeleg.**
- 7. Kontaktlærarane held minimum 2 Olweus-møte i elevgruppene pr. måned om mobbing og liknande tema.**
- 8. Mobbing er tema på minst 2 møte i elevrådet pr. år.**
- 9. Mobbing skal vera fast tema i dei faste elevsamtalane.**
- 10. Dei føresette blir godt orienterte om skulen sitt førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid, minst på 1 gruppe eller trinn-foreldremøte pr. år og i dei faste utviklingssamtalane.**
- 11. Skulen skal kjenna og kunne bruka dei prosedyrane som er omtala i Olweus-programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesaker. (Kap. 9).**
- 12. Skulen skal utarbeida ein kvalitetsplan som viser korleis skulen vil arbeida for å sikra kvaliteten for tiltaka i denne standarden.**